



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **18 OKT 2012**

Vår ref.: NVE 201204924-3 kv/mgv

Arkiv:

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Magne Geir Verlo

22 95 95 34

## **Tafjord Kraftproduksjon Offentleg høyring – søknad om nedlegging av reguleringsanlegg i Dyrkornvatn og Svartevatn – Dyrkornvassdraget – Stordal kommune – Møre og Romsdal**

NVE har motteke søknad frå Tafjord Kraftproduksjon om nedlegging av reguleringane i Dyrkornvatn og Svartevatn i Dyrkornvassdraget.

Tiltaket omfattar fjerning av deler av damanlegga som vil medføre ei permanent senking av vasstanden med inntil 1,2 m i Dyrkornvatn og 0,35 m i Svartevatn .

For nærmare utgreiing om tiltaket vert det vist til planomtalen i søknaden.

Søknaden gjeld nedlegging etter vassressurslova § 41, jf § 8, og vert handsama etter §§ 23-24 i lova. Søknaden vert kunngjort av NVE, og kopi av kunngjering følgjer vedlagt.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på internettsida [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft). Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan ein få dette ved å kontakte Tafjord Kraftproduksjon v/Lars Ramstad pr e-post: [lars.ramstad@tafjordkonsern.no](mailto:lars.ramstad@tafjordkonsern.no) eller tlf 70 17 55 45/99 52 32 38.

NVE bed Stordal kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig gjennomsyn i kommunehuset i Stordal fram til **10.desember 2012**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

### **Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

### **Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

### **Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

### **Region Vest**


Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

### **Region Øst**


Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Eventuell fråsegn skal sendast enten via internett [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft), eller [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), eller pr post til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **10.12.2012**.

Med helsing



Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef



Magne Geir Verlo  
senioringeniør

Vedlegg: Søknad om nedlegging av regulering i Dyrkornvatn og Svartevatn

Kop u/vedlegg: Tafjord Kraftproduksjon, Postboks 1500, 6025 Ålesund

**Adresseliste for:** Tafjord Kraftproduksjon – søknad om nedlegging av reguleringsanlegg i Dyrkornvatn og Svartevatn.

**Handsamast etter:** Vassressurslova §§ 23-24

**Blir kunngjort av NVE ein gong i:** *Bygdenytt og Sunnmørsposten*

| Tal søkn | Kopi kunngjering |                                                                             |
|----------|------------------|-----------------------------------------------------------------------------|
| 3        | x                | Stordal kommune, Postboks 115, 6259 Stordal                                 |
|          | x                | Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde                     |
|          | x                | Møre og Romsdal fylkeskommune, Kulturavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde     |
|          | x                | Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal, Per Amdamsv. 1A, 6413 Molde |
|          | x                | Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Postboks 153, 6401 Molde              |
|          | x                | DNT v/Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Keiser Wilhelmsgt. 22, 6003 Ålesund. |
|          | x                | DNT/v Molde og Romsdal Turistforening, Postboks 486, 6401 Molde             |
|          | x                | NJFF Møre og Romsdal, Per Amdams vei 1A, 6413 Molde                         |
|          | x                | Dyrkorn Velforening v/Else Pedersen, 6259 Stordal                           |
|          |                  |                                                                             |
|          |                  |                                                                             |

## **Norges vassdrags- og energidirektorat kunngjer**

### **Søknad om nedlegging av reguleringsanlegg i Dyrkornvatn og Svartevatn i Stordal kommune**

NVE har mottatt søknad frå Tafjord Kraftproduksjon om nedlegging av reguleringsanlegga i Dyrkornvatn og Svartevatn i Dyrkornvassdraget.

Begge vatna har blitt regulert i samband med Dyrkorn kraftverk som var i drift fram til 1998. Dyrkorn kraftverk er sett i drift att, men Tafjord Kraftproduksjon ønskjer ikkje å ta i bruk reguleringane i Dyrkornvatn og Svartevatn. Nedlegging av reguleringsanlegga omfattar fjerning av deler av damkonstruksjonane, og medfører permanent senking av vasstanden på inntil 1,2 m i Dyrkornvatn og 0,35 m i Svartevatn.

Søknaden gjeld nedlegging etter vassressurslova § 41, jf § 8, og vert handsama etter §§ 23-24 i lova.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentlig gjennomsyn i kommunehuset i Stordal fram til 1. desember 2012. Søknaden er også tilgjengeleg på internettsida [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft). Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan ein få dette ved å kontakte Tafjord Kraftproduksjon v/Lars Ramstad pr e-post: [lars.ramstad@tafjordkonsern.no](mailto:lars.ramstad@tafjordkonsern.no) eller tlf 70 17 55 45/99 52 32 38.

Eventuell fråsegn skal sendast enten via internett [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft), eller [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), eller pr post til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **01.12.2012**.